

Riksantikvaren
Postboks 1483 Vika
0116 Oslo

| | | | | |
|------------|-------------|---------------|------------|------------|
| Vår ref. | Dykkar ref. | Sakshandsamar | Direktenr. | Dato |
| 24/2861 -2 | | Guro Bakkerud | 47677996 | 28.06.2024 |

Høyring - Bevaringsstrategier - Landbrukets kulturmiljø - frå Vik kommune i Vestland

Først og fremst så vil vi si at de har utarbeid ein god strategi i høve korleis ein skal bevara landbrukets kulturmiljø. Vi stiller likevel spørsmål om fagleg forankring inn mot ei aktiv landbruksnæring. Vi har erfaring med motsetningar mellom riksantikvaren sitt arbeid og utvikling av landbruksnæringa.

I høve avgrensingane i del 1 så har vi nokre merknadar.

- Vi håpar at de vel å lage ein bevaringsstrategi som omfattar industri. Sidan vi her i vår kommune har Vik Meieri som vert stifta i 1897 og er Noregs eldste meieri og det einaste som produserer gamalost. Meieriet har og beskytta geografisk nemning og Olavsrosa.

I høve deltemane så, har vi nokre tilbakemeldingar

- **Deltema: Bygningar i jordbruket**
 - ➔ I kategorien seterbygningar avsnitt 4, så reagerar vi på inndeling av setrene – fullseterdrift og melkeseterbruk, kva meina de faktisk med denne inndelinga. Det er meir korrekt å bruke heimastøl/vårstøl og fjellstøl då dette er meir vanleg språk.
 - ➔ Ombruk av landbruksbygningar særskilt einheitslåven så har vi her i Vik fleire gode eksempel å komme med.
 - ➔ Vi stillar og spørsmål kring vurderingar som blir gjort om landbruksbygningar opp mot kulturminne. Det er viktig at det ikkje blir sett vilkår som strider i mot regleverket for dagens landbruksdrift.
 - ➔ I avsnittet «Bevaring og bruk» punkt 2 bør det heller vera fokus på å utvida handlingsrommet for ny bruk av landbruksbygningar.
 - ➔ I avsnittet «Kunnskap og kompetanse» så ynskjer vi at det tilførst et punkt kor det står «Forståelse for endringar som er naudsynt for å utvikle landbruket vidare med omsyn til dyrevelferd, berekraft og nasjonal sjølvberging»
- **Deltema: Jordbrukslandskapet**



- Det viktigaste er at forhistoriske kulturminne ikkje hamnar i konflikt med drift, særleg om grunneigar ynskjer å betale for utgraving. Her er det viktig at tiltaket kan gjennomførast og at det ikkje blir stogga for å nytte kulturminne til seinare læring.
- Det bør og vera enklare for landbruksnæringa å søke riksantikvaren om stønad til vedlikehald av kulturminne. Slik det er i dag så denne ordninga ikkje lett å manøvrera. Ved tilskot så vil det vera meir motiverande for heiltidsbønder å bruke tiden i ein hektisk kvardag og gjera denne jobben som skapar auke av kulturlandskapet.
- I avsnittet «Bevaring og bruk» punkt 3 så ynskjer vi ein tydlegare forklaring om kva som meinast med «gjennomgå sakshandsaminsrutinar for tiltak i jordbruket». Ynskjer riksantikvaren meir mynde i avgjersle enn kva som er i dag?
- I avsnittet «Kunnskap og kompetanse» punkt 1, kva meinast med prognoseverktøy? Dette må tydeleggjerast ytterlegare. Punkt 6, som nemnd tidlegare så må ordningane vera lettare å nytte seg av og ein meir folkeleg framtoning av regelverket vil vera gagnleg, gjerne med rettleiings eksempel.

Med helsing

Mats Helgås Sæterlid
Tenesteleiar plan- og forvaltning

Guro Bakkerud
Rådgjevar avdeling plan og forvaltning

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

